
Saksnr: 2021/19807-2
Saksbehandlar: Eva Moberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		14.06.2021

Høyringsuttale om fusjon mellom Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss Museum

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til fusjonen mellom Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss museum.

Samandrag

Saka gjeld førespurnad frå Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter om å gje uttale og tilslutnad til fusjon mellom Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss museum.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Ber om uttale vedk. fusjon av Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter
- 2 Brev om bakgrunn for fusjonering til stiftarane
- 3 Vestland fylkeskommune, uttale

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hardanger fartøyvernssenter var ei sjølvstendig stifting med eige driftsstyre fram til 2006. Då inngjekk stiftinga ein avtale med Stiftinga Hardanger museum som innebar at driftsansvaret vart overført til Hardanger museum. I 2008 vart Voss folkemuseum også del av museet, og ein skifta då namn til Hardanger og Voss museum. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter fortsette etter 2006 som ei eigarstifting.

Styret i Hardanger fartøyvernssenter vedtok i møte 05.11.2020 å setje ned ei arbeidsgruppe for å jobbe fram eit grunnlag for vedtak om fusjon mellom Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss museum. Styra i Stiftinga Hardanger og Voss museum og Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har våren 2021 gjort følgjande likelydande vedtak:

« 1. Styret vurderer det slik at vilkåra for omdanning i stiftelsesloven § 46 punkt d. er til stades, slik at stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og stiftinga Hardanger og Voss museum kan fusjonast. Styret er av den oppfatning at omdanninga ivaretar det opprinnelege føremålet til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter slik § 47 i stiftelsesloven krev.

2. Styret for Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter, org.nr 955 505 468 og styret for Hardanger og Voss museum, org.nr 987 927 704 godkjenner med dette fusjon (omdanning) av dei to stiftingane.

3. Styret går inn for at det vert stifta eit venelag for Hardanger fartøyvernssenter, og ynskjer at nokre av oppgåvene til eigarstyret vert overført til dette venelaget. Dette vert gjennomført ved å laga ei samarbeidsavtale mellom Hardanger og Voss museum og Venelaget for Hardanger fartøyvernssenter.»

Vestland fylkeskommune er, saman med Kvam herad, Ullensvang kommune, Ulvik herad, Eidfjord kommune, Voss herad og Kvinnherad kommune, opprettar av stiftinga Hardanger fartøyvernssenter

Styret i Hardanger fartøyvernssenter har i brev datert 04.05.2021 bedt om uttale frå stiftarane av Hardanger fartøyvernssenter om fusjon mellom Hardanger fartøyvernssenter og Hardanger og Voss museum. I oversendingsbrevet er det lagt ved eit forslag til tilslutnad, som styret i Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter ynskjer at stiftarane skal underteikne, jf. vedlegg.

Vedtakskompetanse

Gje uttale om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt.

Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren oppfattar at Styret i Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har ønske om fusjon med Stiftinga Hardanger og Voss museum og at følgjande vurdering er lagt til grunn:

«Hardanger og Voss museum har i åra som følgde ivaretatt interessene til Hardanger fartøyvernssenter på ein god måte, og det er ingenting som tydar på at dette ikkje vil bli godt ivaretatt i åra som kjem heller. Dette i kombinasjon med erkjenninga av at det er mest rasjonelt at driftsorganisasjonen har eigarskap til bygningar, fartøy og driftsmidlar er bakgrunnen for at eigarstyret i fleire år har drøfta spørsmålet om eigarstiftinga si framtid. Styret er av den oppfatning at ei samanslåing med Hardanger og Voss museum vil vera ei god løysing for Hardanger fartøyvernssenter si framtid.»

Det vert vidare vist stiftelsesloven § 45 der det går fram at stiftingar kan omdannast og at dette kan mellom anna gå ut på «at stiftelsen slås saman med en eller fleire andre stiftelsar med i det vesentlige likearta formål».

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter vart stifta for å ta vare på regionale fartøy typar, og gje opplæring og arbeid til interessert ungdom, sidan var formålet utvida til å inkludera museumsdrift knytt til fartøy og båthistorie og drift av eit nasjonalt fartøyvernssenter. Etter 2006 har Hardanger og Voss museum ivaretatt desse driftsoppgåvene, medan stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har fortsett som ei rein eigarstifting. I vedtektene til Hardanger og Voss museum står det om føremål at dei skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Styret legg til grunn av dei to stiftingane i det vesentlege har likearta formål med unntak av at Hardanger og Voss museum har eit noko breiare føremål enn Hardanger fartøyvernssenter.

Stiftelsesloven §46 seier noko om vilkår for omdanning: «Når bestemmelser i vedtektene eller dei rettslige disposisjonene som danner grunnlaget for stiftelsen, er åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig, kan omdanning vera aktuelt».

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter meiner det i dette tilfellet har vist seg at det er uheldig og openbart ufornuftig å skilje eigarskap til bygg og driftsmidlar frå drifta. Dei vurderer at eigendelar, rettar og forpliktingar best vert teke hand om av ein eigar som har moglegheit for å vidareutvikle gjennom verdiskapande aktivitet. Det vert mellom anna vist til at det i praksis er Hardanger og Voss museum som sidan overtaking av drifta i 2006 har stått for utbygging og vesentlege ombyggingar ved Hardanger fartøyvernssenter. Ettersom tida har gått, har dette gjort eigedomstilhøva meir samanvevde og til dels også uoversiktlege.

Fylkesdirektøren er samd i vurderingane som er gjort av dei to stiftingane og meiner det er rasjonelt og føremålstenleg for formålet ved stiftingane at ein gjennomfører ein fusjon av dei to stiftingane og meiner at vilkår som vert nemnd i § 46 er oppfylt.

Vidare meiner fylkesdirektøren det er positivt at det vert danna ein foreining som skal vere eit venelag for Hardanger fartøyvernssenter. Dette vil bidra positivt i forhold til aktivitet og engasjement kring Hardanger fartøyvernssenter.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tiltaket bidreg til å utvikle gode og framtidssrette tenester og er med på å setje retning for utvikling av museumsfeltet i Vestland

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer det som tenleg at Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter gjennomfører fusjon med Stiftinga Hardanger og Voss museum. Fylkesdirektøren legg også til grunn at styra både i Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter og Stiftinga Hardanger og Voss museum har gjort vedtak om fusjon.